

**Styret i Uskedalen Utvikling har kome med ei fråsegn som seier at dei på årsmøtet vil be om at saka om sandtaket vert utsett til alle partar har høve til å vera til stades.**

Eg stiller meg kritisk til dette og vil her forklare kvifor:

Kvinnherad kommune har no lagt reguleringsplanen for sandtaket ut til offentlig ettersyn. Dei ber om at alle som har merknader til planen eller har interesser som ein ynskjer ivareteke i planarbeidet, å melda dette til kommunen innan 31.01.2010.

Tiltakshavar Trond Myklebust har altså jobba fram eit forslag til reguleringsplan som kommunen ynskjer kommentarar til. Årsmøtet i UU skal i saka om sandtaket ta stilling til om ein skal gje tilslutning til det framlagte resolusjonsforslaget eller ikkje, eller eventuelt laga ein anna uttale til kommunen.

Eg kan ikkje sjå at årsmøtet er avhengig av tiltakshavar Trond Myklebust sine synspunkt for ta ei avgjerd i denne saka. Trond Myklebust vil tvert imot vera inhabil i denne årsmøtesaka. Etter 31.01.2010 skal kommunen og tiltakshavar gjera ei handsaming av alle innkomne merknader. Det er i denne fasen Trond Myklebust får uttala seg og eventuelt kommentera resolusjonen frå årsmøtet.

Årsmøtedeltakarane bør gjera seg kjent medforslaget til reguleringsplan.

Reguleringsplanen kan ei finna her: <http://www.kvinnherad.kommune.no/reguleringsplan-1285-og-7-sandtak-uskedalen-trond-myklebust.4665948-127632.html>

Merknader og sakspapir til reguleringsplanen kan ein finna her: <http://83.242.24.13/Modules/innsyn.aspx?mode=sa&SelPanel=2&ObjectType=ePhorteCase&VariantType=Innsyn&ViewType=Detail&Query=ePhorteCase.ID:6586>  
Dersom styret meiner at årsmøtet treng meir informasjon om reguleringsplanen, kan det kanskje vera ein ide å invitera sakshandsamar i kommunen, Ingo Bewer, til møtet for å gje ei generell orientering om planen.

Vidare seier styret i UU på slutten av si fråsegn at dei vil overlate til det nye styret å ta stilling til om ein skal stille seg bak eit fleirtalsvedtak på årsmøtet.

No har eg ikkje lest vedtektene til UU, men eg ville bli svært overraska om det ikkje også i dette laget er slik at årsmøtet er øvste organ og at styrets oppgåve er å gjennomføra årsmøtets vedtak.

Arbeidet med reguleringsplanen for sandtaket starta for snart 4 år sidan. Etter mi meining burde Uskedalen Utvikling vore ein aktiv part i dette arbeidet, for å hjelpe Trond Myklebust i hans arbeid for næringsutvikling og for å sikra at konsekvensane for andre av UU sine satsingsområde (turisme, friluftsliv, elvefiske, godt bumiljø, trafikksikring osv) blir så små som mogeleg.

Dette er ei stor sak for Uskedalen og då burde Uskedalen Utvikling vore meir på banen.

**Geir Enes.**